

## **Referat frå foreldremøte for 3. klasse tysdag 10. september 2013**

### **Litt om å vera 8 år:**

8-åringen kan tenkje logisk, (eks med vatn i glas) er formålsbevisst, kan tenkje tilbake på kva dei har sett og erfart og dra med seg erfaringane til ei utvida forståing for korleis ting heng i hop. Dei kan samla ulike begrep i system. Dei kan resonnera logisk omkring konkrete gjenstandar og konkrete oppgåve. Forstår logikk omkring mengde i 7 årsalderen, vekt rundt 8 år og volum i 10-11 årsalderen. Det at dei er på det konkret-operasjonelle stadiet i følge Piaget, stiller krav til undervisninga i skulen. Ein bør ikkje berre bruka verbal undervisningsform, men sørgja for at barnet blir stilt overfor konkrete oppgåver og problem som gir mulighet for aktiv handling, slik at det sjølv kan koma fram til den kunnskap som løysningen på problemet inneber. Verkeleg forståing skjer når barnet sjølv vert stilt overfor konkrete oppgåver som det sjølv kan handle med.

### **Timeplanen, rutinar i klassen**

- Me fekk sjå den visuelle planen som heng på døra.
- Får ny arbeidsplan måndag, med info rubrikk til foreldra. Viktig å følgja med her.
- Ordensoppgåver

### **Halvårsplanen for klassen og for aktivitetsplan for skulen**

Temaveke: Gamle leikar,

Juleskulen: Tar utgangspunkt i ein forfattar

Dette året er pensum henta frå 4.årstrinn.

Nytt med denne planen er at det vert undervist meir ut frå fag, enn utifrå at pensum vert samla i tematiske bolkar slik som i 1. og 2. klasse. På timeplanen står naturfag og samfunnsfag i staden for tema.

**RLE faget:** det vært undervist frå boka "Vi i verda"

Fordelinga er 3delt; Kristendom har ein del. Dei andre religionane har ein del og etikk og filosofi har ein del. På grunn av at faget legg vekt på kunnskapsformidling av dei ulike religionane og ikkje utøving av noko slag, er det eit obligatorisk fag for alle. Ein kan ikkje be om fritaking for eleven. Det er likevel lov å reservera seg dersom skulen legg opptil spesielle tilstellingar (utanom pensum) som gudsteneste i kyrkja og liknande. Reservasjon kan skje muntleg eller skrifteleg.

### **Informasjon om norsk og mattefaga:**

#### **Norsk:**

Me såg på måla i mappa for dette året. Dei skal kunne skrive rett 100 høgfrekvente ord, vokalar, diftongar, ordklassar, oppbygging av ein enkel historie, bokstavforming, framføra ein tekst for andre.

Ordklassar,(verb, substativ,adjektiv). Setnignar: stor bokstav og punktum.

Lesefart: Øver på lesefarten gjennom dagleg stillelesing og leselekse.

Skriving: Arbeider med den store lykkjeskriftbokstaven.

I norsk boka blir det no berre lykkjeskriftskrivning. Men når de skal skriva etter ute-dag så får de enno lov til å bruka dei store bokstavane.

#### **Matte:**

Sjå oversikt i årsplanen. Målarka skal sikra at dei lærer titalssystemet; einarplass, tiarplass og hundraplass. Dei skal kunna forskjell på tal og siffer. Tiaroverganger.m.m.

Matteboka innfører ganging.

### **Informasjon om andre fag:**

#### **Naturfag**

I løpet av hausten vert det lagt opp til 10 turar på utedagane. Då er det gjerne nødvendig med køyrehjelp frå foreldre.

Artskompetanse, ønskjer at barna skal ha ein god artskompetanse.

## **Engelsk:**

Talord, kunne bruka og skriva opp til 20 på engelsk.

## **Eventuelt :**

- Reglar for å melda fråver: Gi beskjed om de ikkje kjem, sms eller tlf om morgonen. Melding i meldingsboka første dag etter fråver.
- Dei må ha med seg penal med nødvendig utstyr og skal no trenast seg opp til å ha sitt eige penallhus med det som trengs.
- Gymtimane; dei fortsetter utan å skifte før og etter gymtimane. Me foreldre kan evt bestemmas om me ønskjer at dei skal ha inne-joggesko på skulen. Det var ikkje ønske om det på foreldremøte.
- Bursdagsbesøk, invitera alle jenter, alle gutter eller alle i klassen.
- Nokon vert gjerne invitert heim veldig ofte mens nokon ikkje vert invitert heim. Prøv å rullera litt på kven ein inviterer med heim slik at alle får bli invitert med heim til nokon, og at ikkje nokon set igjen med følelsen av å ikkje bli invitert med heim.
- Avtal dagen før med besøk heim etter skulen.
- Når ungane har ein atferd som me ikkje liker, så er det ein måte for å fortelja noko som dei ikkje klara å uttrykka sjølv. Då kan ein gå bort til dei å spørja, no trur eg du treng at eg ser på deg, eller er litt med deg. Ein hjelper de til å uttrykke kva behov dei har.
- For å fremma positiv handling kan me hjelpa dei litt på veg; f.eks så ligg ei jakke på golvet. Då kan me kommentera; "Her ligg jakka di på golvet" og så tenkjer eleven; "hm ja den skulle jo hengt på knaggen" og henger jakka opp utan at me må be om det. Men me må passe på at ein ikkje seier for mykje sann at dei klara å resonnera seg fram sjølv til kva dei skal gjera med jakka.